

Skyldskifte

A.209.

Lørdag den 10 November 1973 heldt me underskrivne, som er oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Eikeland

gr.nr. 42 br. nr. 1 med skyld mark 1.2 i Onelard herad.

Rolf Eikeland har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel til eigedomen.¹⁾

Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad så nær som²⁾

alle

Ved tenesta møtte

Av partane³⁾ Syljar og Sjöfar

Av grannane³⁾ Reidar Grønnevik.

Til formann vart vald Olav J. Skivstul

Opplysningar om den/det part/partar av eigedomen som er fråskild:

1. Vidde: Dyrka jord 0 dekar, naturleg eng og kulturbeite 0 dekar, produktiv skog 0 dekar, anna vidde 1.2 dekar — i alt 1.2 dekar.

2. Grensene⁴⁾ til den/det fråskilde part/partar: Grensa tek til i

nord, der merkestein er bakk, går mot sør 32,40 m. til merkestein, går mot nordvest 39,20 m. til merkestein, går mot nord 23 m. til x i berg, går mot øst 32 m. til x i berg, går så mot sørøst 22,50 m. attende til utgangspunktet.

- 1) Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eig den fråskilde eigedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)
- 2) Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1917, skal han før tenesta tek til skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding den 19..... (underskrift.) Denne fråsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftedokumenta.
- 3) Er det nokon av grannane eller partane i skyldskiftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prova at dei er varsla. Like eins om det er grannar ein har funne det uturvande å varsla (§§ 2 og 8 i skyldskiftelova).
- 4) Sjå §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeigedomen utan at eigaren er til stades og samtykkjer i det som vert skriva. Har nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjølve markeskiellet, samstundes med skyldskiftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skipast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet, utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimel til den eigedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).